



Austrheim kommune  
Sætremarka 2  
5943 Austrheim

## Innspel til økonomi og handlingsplan 2024

Samlingslista i Austrheim har førebels desse merknadene, vedteke i medlemsmøte 14.11.23:

### Tiltak

#### Arbeidssenteret i Austrheim

Det må tilsetjast arbeidsleiar i 100 % med 80 % på Arbeidssenteret og 20 % på Arbeid og inkludering.

#### Barnehagane

Samlingslista ønskjer toppa bemanning og innføring av vikarpool.

Nye garderobar i Kaland barnehage må ha førsteprioritet.

#### Ungdomsrådet

I høve budsjettframlegget vert møteleiar i ungdomsrådet heva frå 0,06 % til 0,10 % i møtegodtgjersle. Møtegodtgjersla elles vert auka frå 0,04 % til 0,06 %.

### Innsparingar

#### Helsehuset

Budsjettposten for 2024 vert redusert frå kr 1,2 mill. til kr 200 000.

#### Barnehagane

Utgifter til innføring av toppa bemanning og vikarpool vil føra til mindre press på dei tilsette og kan dermed utliknast gjennom mindre utgifter til sjukefråvær.

#### Politisk styring

Ordførarløna vert redusert med 10 % av løna basert på representantane på Stortinget si løn.

Løn til varaordførar vert auka frå 9 til 10 % av ordførarløna.

Prosentvis møtegodtgjersle til formannskapsmedlemene vert justert ned til nivå for Alver kommune, dvs. frå 5 til 2,4 %.

Prosentvis møtegodtgjersle til utvalsleiarar og andre folkevalde vert ikkje justert opp der det er framlegg om det i budsjettet, men vert halde på same nivå som i 2023.

Kommunedirektøren

Ein må vurderer reduksjon i talet på einingsleiarar.

Konsulentbruken må ned.

Austrheim 15.11.23

Stefan Orri Helgason,  
Styreleiar

Ingeborg Lohne Hordvik  
Kommunestyrerepresentant